

Garantiinntekt for kunstnarar er på veg ut

# Stipend me

Haakon Flemmen (fung. kulturredaktør) | Maria Horvei  
Sandra Lillebø | Guri Kulås | Dag Eivind Undheim Larsen | Ingrid Kleiva Møller  
kultur@klassekampen.no

## KULTUR & MEDIER



FOTO: KJERSTI FURU

### KULTURARBEIDEREN:

## Sissel Ringstad

Redaksjonsmedlem i Litteratur på Blå, som arrangerer debattmøter om litteratur på utestedet Blå i Oslo. I dag feirer litteraturscenen fem år.

#### – Hva motiverer deg?

– Å jobbe sammen med en redaksjon er veldig motiverende; flere flinke folk som tenker sammen. Tidsfrister er også ganske effektivt!

#### – Hvordan er en vanlig arbeidsdag?

– Siden arbeidet Litteratur på Blå er frivillig, skjer akkurat det i lunsjpausen og etter jobb. Arbeidsdagene har jeg for tida på Deichmanske bibliotek på Lambertseter. Jeg flytter en del på bøker og får et saftig blikk inn i folks lesevaner. Ikke så verst.

#### – Hva er du stolt av å ha fått til?

– Jeg er stolt av å ha vært med i redaksjonen til Litteratur på Blå i to år. Jeg synes vi har fått til veldig mye bra. Dessuten er veldig stolt av høstprogrammet vårt! Vi skal blant annet diskutere ungdomslitteratur.

#### – Tjener du til smør på brødet?

– Enn så lenge, men vikaren lever alltid farlig.

Dag Eivind Undheim Larsen

### INTERNASJONALEN:

I Sverige går det mot avskaffelse av TV-lisens. Den svenske «Public servicekomiteen» anbefaler i en ny utredning å fjerne lisensordningen og erstatte den med en obligatorisk skatt – for å fange opp nettbukere. Sveriges Radio er bekymret for at endringen vil gjøre dem mer utsatt for politisk innblanding. Kulturminister Anniken Huitfeldt uttaler til Dagbladet at en slik endring i Norge ikke er aktuelt.



IKM



### NOTERT:

## Facebook faller fortsatt

Det sies at det var ventet at Facebook-aksjen kom til å falle etter at selskapet ble børsnotert i mai i år. Nylig gikk den under den symbolske grensen på 19 dollar, og er dermed halvert sammenliknet med verdien da den først ble introdusert på børsen. En av årsakene til at nettsamfunnet ikke lenger er like populært i finansverdenen, er at det sliter med å få på plass lønnsomme løsninger for sine mobilversjoner.

Sandra Lillebø

Kunstnarane fryktar store stipendmidlar skal forsvinna, dersom ei ny ordning ikkje kjem på plass snarast. – Det er ei umogleg oppgåve, seier kunstnarorganisasjonane.

## KUNST

Av Maria Horvei (tekst) og  
Linda Bournane Engelberth (foto)

– Me er svært bekymra.

Det seier Hilde Rognskog, styreleiar i Norske Billedkunstnere (NBK). Ho viser til arbeidet med å få på plass nye langsiktige stipendordningar for kunstnarar, etter at garantiinntekta (GI) vart avgjort utfasa tidlegare i år. I samband med årets statsbudsjett skal det gjerast klart kva som skjer med midla som så vert frigjort, men Rognskog har inga tru på at Kulturdepartementet vil ha ei ny ordning klar innan den tid.

– Me ser det ikkje som praktisk gjennomførbart. Det er ei umogleg oppgåve, rett og slett, seier ho.

Kunstnarane risikerer såleis å hamna mellom to stolar – ein i ferd med å plukkast frå kvarandre, den andre framleis ikkje ferdig snikra.

– Me håpar i det lengste at dette skuldast ei arbeidsulukke frå departementets side, men spørsmålet er om det er bevisst politikk, seier Rognskog.

#### «Svært viktig»

Det var i «Stortingsmelding om visuell kunst», som vart lagt fram 4. mai i år, at Kulturdepartementet foreslo å erstatte garantiinntekt-ordninga med to nye, langsiktige stipend for veletablerte og eldre kunstnarar.

«Arbeidsstipendene gir (...) større fleksibilitet og kjem fleire kunstnarar til gode. Departementet reknar arbeidsstipend for kunstnarar som eit svært viktig kulturpolitisk verkmiddel som framleis bør styrkast i årene framover,» heiter det i meldinga.

Utfasinga av garantiinntekta skjer gjennom at midlane som vert frigjort gjennom at dagens mottakarar når pensjonsalder, vert overført til dei

### FAKTA

#### Kunstnarstipend:

- Garantiinntekta (GI) er ei årleg garantert minsteløn til aktive kunstnarar fram til dei fyller 67 år.
- Vart i år bestemt utfasa og er no ikkje tilgjengeleg for nye søkjarar.
- GI skal erstattast av to langsiktige arbeidsstipend. Utforminga av desse er framleis ikkje klar sjølv om GI-utfasinga er i gang.
- Staten bevilga i fjor 222 millionar kroner til ulike kunstnarstipend. 107 av desse gjekk til GI.

nye ordningane – som framleis ikkje eksisterer.

– Dette er middel som er gjevne av forskrifter og lov til våre medlemmer, og som må fordelast på en fagleg tryggende måte. Slik er ikkje situasjonen no, seier Rognskog.

Ho fortel at Norske Billedkunstnere ikkje har fått informasjon om korleis dei nye stipendmidla skal handterast.

– I år vert det ledig 15 GI-heimlar, og me er no redde for at desse midla vert omdisponert, og ikkje vert brukt til etablere nye stipendordningar.

Ho understrekar at etableringa av langvarige stipend var eit grunnleggjande vilkår for utfasinga av garantiinntekta.

#### Redd for regjeringsskifte

Styreleiar i Unge Kunstneres Samfund (UKS) Marianne Hurum ser store konsekvensar for kunstnarane dersom dei nye stipenda ikkje kjem på plass så snart som overhovud mogleg.

– Om det ikkje skjer, trur eg me kan sjå langt etter dei midlane me er blitt lova, seier ho til Klassekampen.

Med eit mogleg regjeringsskifte neste haust, ser Hurum for seg at kunstnarstipenda endar opp som ein nedprioritert politisk kasteball.

Hurum meiner Kulturdepartementet har «somla» i si handtering av saka, og at Norske Billedkunstnere no må vera sitt ansvar medvite.

– Som paraplyorganisasjon har dei eit kjempeansvar. Det er ein sak det bør gå stor prestisje i for NBK, seier ho.

Rognskog forsikrar at har saken høgt på prioriteringslista.

– Me ser svært alvorleg på situasjonen. Me vil ha desse forskriftene på plass så snart som mogleg, slik at våre medlemmer får føreseielege rammevilkår å forhalda seg til, seier ho.

mariah@klassekampen.no



BEKYMRA: Hilde Rognskog i Norske brukt til etablere nye stipendordningar.

## Kulturdepa

– Det er tverrpolitisk semje om å erstatte garantiinntekta med langvarige arbeidsstipend. Dei nye stipenda kjem, uansett, seier statssekretær i Kulturdepartementet Kjersti Stenseng (Ap) i ein e-post til Klassekampen.

Ho tilbakeviser såleis kunstnarorganisasjonane sin frykt for at midla skal bli omdisponerte ved ei eventuell endring i det politiske maktforholdet og forsikrar også at